

Landsfinalen på Oppdal:

# Stor alpinhelg for lokale alpinistar

Under landsfinalen for dei beste 12 og 13-åringane i landet på Oppdal i helga, kunne alpinistane frå Stordal og Grytastranda vise til resultat av topp nasjonal klasse.

BB • EDMUND MELKILD

Det vart arrangert renn over tre dagar, med super-G på fredag, storslålåm på laurdag og slålåm på søndag. Spesielt legg vi merke til 13-åringen Kristiane Nakken frå Stordal. Ho presterte å ta medalje i samtlige tre konkurransar, og i fredagens super-G var ho berre ni hundredelar frå førsteplassen! I same renn vart Andrea Vinje Tøsse nummer ni, 1.83 sekund bak vinnaren. Kine Kvammen Tøsse vart nummer 30 av dei i alt 86 løparane som starta.

## Storslålåm

I laurdagens storslålåm vart det ein ny tredjeplass til Kristiane, etter at ho låg som nummer to etter første omgang. Her vart Kine Kvammen Tøsse nummer 15, etter å ha køyrd seg opp frå 27. plass etter første omgang med sjuande beste tid i andre. Kine og Kristiane vart dei beste i frå Møre og Romsdal. Andrea Vinje Tøsse vart her nummer 23, og Vibeke Innselset nummer 37 av i alt 84 startande.

## Slålåmsløv

I søndagens slålåmrenn fekk



*Fem alpinjenter frå Stordal kan sjå tilbake på ei alpinhelg på Oppdal med glimrande resultat. Frå venstre Kine Kvammen Tøsse (13), Rebekka Helland (12), Kristiane Nakken (13) Andrea Vinje Tøsse (13) og Vibeke Innselset (12). (foto Stordal Alpin)*



*Andrea Vinje Tøsse kunne sjå tilbake på fjerde, niande og 23-plass etter konkurransane på Oppdal. Her frå eit renn i Stordal tidlegare i vinter.*

Kristiane si tredje medalje, denne gongen sølv bak suverene Anne Bemtsen Rund frå Ål. Her fekk Andrea Vinje Tøsse ein sterk fjerdeplass, etter å ha ligge som nummer tre etter første omgang. Også Kine Kvammen Tøsse køyrde ein sterk konkurranse, og vart nummer 15. 12-årige Rebekka Helland vart nummer 43 i konkurranse med 85 andre alpinistar.

## Ole-Kristian Årseth

Blant gutane var det Ole-Kristian Årseth frå Grytastranda den alpinisten frå Møre og Romsdal som kunne vise til dei jammaste resultatane. I fredagens super-G vart det ein delt syttande plass. Han var 1 sekund etter Mathias Hjelset frå Sykkylven som vart nummer 11 og bestemann frå Møre og Romsdal. 109 løparar starta i rennet.

I laurdagens storslålåm vart Ole-Kristian nummer 14 og best i frå Møre og Romsdal, etter å ha køyrd inn til sjette beste tid i andre omgang. 109 løparar starta i konkurransen.

Den beste plasseringa fekk Ole-Kristian i søndagens slålåmrenn med ein 13. plass i konkurranse med 108 andre alpinistar. Han køyrde seg opp frå 29. plass etter første omgang, og vart nest best frå Møre og Romsdal etter Borge Skar Ellingsen frå Sjelkavik som vart nummer seks.